

Uttale til høyring – handlingsplan for trafikktrygging 2018 - 2021

Fylkesrådet for eldre har fylgjande uttale til høyringa – handlingsplan for trafikktrygging:

Satsingsområde: trafiksikker kommune:

- Det må leggjast vekt på dei eldre sine ynskje og behov, og difor må universell utforming ivaretakast
 - Utbygging av gang- og sykkelveggar må ha høg prioritet. Det bør vere god lyssetting, og då spesielt ved fotgjengarovergangar
 - Fylgje opp brøyting og strøing av alle veggar inkludert gang- og sykkelveggar
- Serviceskyssen må få auka ressursar og utviklast vidare i samband med at ruter i utkantane vert lagt ned. Tilrettelagt transport på andre måtar er òg eit alternativ. Kommunane bør få informasjon om tilboda på ein god og oversiktleg måte, og få opplyst om kva som vert krevd av dei for å kunne nytte tilboda
- Midtdelar på vegane bør kunne byggast oftare, sidan dette er eit godt tiltak mot møteulykker

Satsingsområde: trafikkåtfærd:

- Haldningsskapande arbeid er viktig og må vere ein kontinuerleg prosess frå dei yngste til dei eldste. Opplæringa må tilpassast dei ulike aldersgruppene og dei ulike formene for trafikkantar. Haldningar i trafikken er like viktig som den tekniske opplæringa i køyreopplæringa. Trening og kursing av dei eldste bilførarane må kunne intensiverast i regi av Statens vegvesen
- God overvaking av trafikken er viktig, og eit av tiltaka er synleg politi. Ruspåverka køyring, fart og køyreåtfærd må fylgjast opp
- Kampanjar retta mot ulike aldersgrupper og på skulane er viktig

Kontaktperson:

Harald Ekroll Harald.Ekroll@enivest.net

Leiar fylkesrådet for eldre